

# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling



Fagleg årsmelding 2020  
IKA Møre og Romsdal





1.	Føremål og ansvarsområde .....	3
2.	Organisasjon.....	3
2.1	Formelle organ .....	4
2.2	Tilsette.....	4
3.	Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal.....	6
3.1	Eldre og avslutta arkiv .....	6
3.2	Personregister .....	11
3.3	Elektroniske arkiv .....	11
3.4	Privatarkivarbeid.....	12
3.5	Prosjektarbeid i 2020.....	14
3.6	Kulturnett Møre og Romsdal .....	17
3.7	FylkesFOTOarkivet.....	19
3.8	Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) .....	23
3.9	Prosjekt Personvernombod .....	27
4.	Synfaringar, konferansar og anna .....	28
4.1	Synfaringar .....	28
4.2	Kontaktkonferansen 2020.....	29
4.3	Deltaking på kurs/konferansar .....	29
4.4	Samarbeid .....	29
4.5	Arkheion .....	29
4.6	Nettside .....	29

## 1. FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. Alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune er med og eig selskapet. Selskapet hadde i 2020 28 eigarar.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemne eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal i samråd med medlemne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemne, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemne.

Selskapet utfører arbeid for den einkilde medlem som står i høve til medlemen sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha egne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemne, eller medlemne vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudføremål til arkivet. Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsoppgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå medlemar eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

## 2. ORGANISASJON

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs. fylkeskommunen og kommunane og lagt opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til privatarkivarbeidet og finansierer drifta av Kulturnett, SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet til desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv verken blir belasta kostnader eller tek ut forteneste av desse.

IKAMR har depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem.

### **Verneombod**

Margrete Mork Müller vart i 2020 valt til nytt verneombod med Åsta Vadset som vara.

## 2.1 Formelle organ

### Styret:

Styremedlemar	Personlege varamedlemar
Perry Ulvestad, Rauma kommune (leiar)	Marta Beinset, Molde kommune
Eirik Jenssen, Møre og Romsdal fylkeskommune (nestleiar)	Arild Inge Kjersem, Møre og Romsdal fylkeskommune
Kariann Bigset, Hareid kommune	Anne Berit Løset, Fjord kommune
Liv-Grete Orvik, Ålesund kommune	Eldar Øye, Ørsta kommune
Synnøve Hunnes, Sykkylven kommune	Evelyn Omenås, Stranda kommune

Styret hadde 5 møte i 2020 og behandla 59 saker. 2 av 5 styremøte vart arrangert digitalt grunna koronapandemien.

### Representantskapsmøte:

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Grunna koronapandemien vart representantskapsmøtet 2020 halde digitalt med møteleiinga samla på Vestnes 22.04.2020. 26 av eigarane var representert, som utgjorde 94,6 % av eigardelane.

Kjell Danielsen vart vald til leiar av representantskapet og Knut Sjømæling til nestleiar. Årsmelding og rekneskap vart godkjende.

## 2.2 Tilsette

### Fast tilsette i selskapet var i 2020:

Geir Håvard Ellingseter – dagleg leiar  
 Jan Aakvik – nestleiar/redaktør for Kulturnett Møre og Romsdal  
 Torbjørn Aasen – el-arkivar  
 Tore Fadnes – el-arkivar  
 Andri Jónsson – arkivar (slutta i september)  
 Gunnar O. Morsund – arkivar (slutta i juli)  
 Vibeke Lunheim – arkivar  
 Guro Flø – arkivar  
 Torstein Skeide Olsen – arkivar  
 Birgitte Fjørtoft – arkivar (frå februar)  
 Tove Nypan – arkivar (frå oktober)  
 Ingunn Vestnes – arkivar (50 % stilling)  
 Kristian Hove – arkivmedarbeidar  
 Sølvi J. Knudsen – arkivmedarbeidar og administrasjon  
 Kari Olsen – arkivmedarbeidar (50 % stilling)  
 Zane Aboltina rådgjevar – digitalisering  
 Åsta Vadset – arkivar privatarkiv  
 Ragnar H. Albertsen – FylkesFOTOarkivar  
 Ottar André Breivik Anderson – leiar SEDAK/fotograf

### Prosjektilsette i prosjekt personvernombod:

Thea Helen Eriksen Rølsåsen – prosjektleiar (til 13.03.2020)  
 Karen Vanessa Sundgot Gurskevik – fagleg prosjektleiar  
 Margrete Mork Müller – prosjektmedarbeidar  
 Jan Erik Døving (vikar 01.08.2020-27.11.2020)  
 Henrik Syversen (vikar frå 02.11.2020)

**Mellombels tilsette:**

Tom Erik Enger – digitalisering  
Anette Valderhaug – digitalisering  
Annelen Melsåsen – digitalisering  
Håkon Wille – ordningsoppdrag/vikar  
Christian Ingvaldsen – ordningsoppdrag  
Lucas Knudsen Moi – ordningsoppdrag  
Morten Øverås – ordningsoppdrag  
Stine Hovdenakk – ordningsoppdrag  
Joanna Pietruszka – ordningsoppdrag  
Erlend Holst Aakvik – ordningsoppdrag  
Eli Morken Farstad – ordningsoppdrag  
Arnstein Slinning – transkribering  
Thea Holst Aakvik – digitalisering  
Emil Stokkevåg – ordningsoppdrag  
Egil Wold Hessen – ordningsoppdrag  
Aleksander Solevåg Larsen – ordningsoppdrag  
Rannveig Strømmen – Fylkesfotoarkivet

**Lærling:**

IKAMR er godkjend lærebedrift i fotograffaget. Piotr Cabaj starta hausten 2020 som lærling.

**Sjukefråvær:**

Sjukefråværet var i 2020 på 6 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 5,1 % av sjukefråværet er sjukemeldingar og 0,9 % er eigenmeldingar.

**Likestilling:**

Selskapet har eit bevisst forhold til likestilling i tilsetjingssamanheng.

**ika Møre og Romsdal**  
Arkiv og kulturformidling

**Basistenestene:**

Geir Håvard, Vibeke, Torstein, Birgitte, Tove  
Torbjørn, Tore, Ingunn, Selvi, Guro

**Fylkeskommunale tenester:**

Åsta, Ragnar, Ottar, Jan

**Prosjekt:**

Kari, Egil, Aleksander, Joanna, Stine  
Morten, Tom-Erik, Annelien, Piotr, Zane

**Personvernombod:**

Karen, Margrete, Henrik

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

## 3. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL IKA MØRE OG ROMSDAL

### 3.1 Eldre og avslutta arkiv

Bevaring av arkiv er eit ansvar som ligg til alle offentlege organ. Kommunale arkiv er viktige historiske kjelder, og har stor verdi for både forvaltninga, samfunnet og det einkilde individ. Etter arkivlova med forskrifter skal kommunal forvaltning ha ei depotordning for eldre og avslutta arkiv. Sentrale oppgaver knytt til eit papirdepot er mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. For å sikre optimal utnytting av magasina, har det vore nødvendig å legge inn ressursar for å flytte og komprimere store mengder arkiv. Vi har vidare arbeidd mykje med bestandsregistrering, rutinebeskrivingar og å få til gode arbeidsprosessar i høve mottak, ordning, beskriving, registrering, publisering av arkiv på nett og betening av arkiv. Dette arbeidet har dei siste åra gitt resultat.

Rettleiing i ordning, føring av avleveringslister er arbeid som krev mykje ressursar. Vi har i 2020 sett på måtar å kommunisere betre og effektivisere avleveringsprosessen. Resultatet av dette arbeidet skal ferdigstillast våren 2021. Ute i kommunane deltek vi på møte, held kurs og kartlegg arkivbestanden saman med tilsette i kommunen.

#### Mottak av arkiv

IKAMR tok imot arkiv 51 gongar i 2020. Det er like mange gongar som i 2019. Totalt blei det deponert 836,47 hyllemeter fordelt på 29 deponentar. Det er ein nedgang på om lag 480 meter frå 2019. Til samanlikning tok vi imot 1085,66 hyllemeter arkiv i 2017 og i 2018 tok vi imot 521,5 hyllemeter. Som ein kan sjå varierer deponeringsmengde frå år til år uavhengig av koronapandemi og kommunereform. Den største deponeringa i 2020 kom frå Sunndal kommune, tett etterfølgd av Molde kommune. Av dei 837 meter med arkiv vi har motteke er 224,5 meter privatarkiv. Tafjord Kraft er den største private aktøren. Dei har levert 101 meter til ordning.

144 meter arkiv blei deponert ferdig ordna og listeført. Dei resterande meterane er avlevert uordna til depot. Dette er arkiv som skal ordnast av IKAMR si ordningsavdeling. Nedanfor er ei oversikt over kor mykje kvar einiskild deponent har deponert.

<b>Deponent</b>	<b>Hyllemeter</b>
Aukra kommune	10
Aure kommune	85
Biletkunstnarane i Møre og Romsdal	0,6
Fjord kommune	14,5
Grethe Johnsen	0,3
Hareid kommune	4,38
Hareid sanitetslag	3,1
Herøy kommune	45,39
Kjell Gjelsten	0,3
Kjell Skorgevik	0,05
Molde kommune	134,6
Møre og Romsdal fylkeskommune	43,6
Møre og Romsdal Senterparti	2,4
Norske kvinners sanitetsforening Møre og Romsdal	6,5
Sande kommune	24,9
Stranda kommune	18,8
Sula kommune	23,7
Sunnadal kommune	144
Sunnmøre Museum	0,1
Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag	32
Surnadal sanitetsforening	1
TAFJORD KRAFT AS	101
Tore Gjære	0,2
Vanylven kommune	60,3
Vestnes kommune	20
Ørsta kommune	2,6
Ålesund Arbeiderparti	0,3
Ålesund kommune	56,6
Åsta Vadset	0,25
<b>Totalt</b>	<b>836,47</b>



### Asta-registrering og tilgjengeleggjering på Arkivportalen

Primæroppgåva for IKAMR er å forvalte og finne att etterspurd dokumentasjon blant nærare 12 000 hyllemeter arkiv. Å registrere arkiv i arkivkatalogen Asta, slik at vi finn etterspurd dokumentasjon, er ei viktig arbeidsoppgåve ved IKAMR. Ein god arkivkatalog med nøyaktig arkivbeskriving, bestandsregistrering knytt saman med kompetansen til dei tilsette vil vere avgjerande for om vi finn att dokumentasjon som blir etterspurd.

Det krev stor kompetanse å registrere og beskrive arkiv i Asta. I tillegg er det svært ressurskrevjande. Det er viktig å gjere jobben så nøyaktig som mogleg både med tanke på å beskrive aktørhistorikk og arkivhistorikk, registrere plassering av arkivstykkja og tilknytning av metadata slik at vi får treff ved søk samt gode statistikkar. Nedanfor viser ein tabell som gir ei oversikt over arbeidet i Asta.

**Tabell - Registrering i Asta og tilgjengeleggjering på Arkivportalen:**

	Mengde per 31.12.2019	Mengde per 31.12.2020	Tilvekst 01.01.2020-31.12.2020
<b>Registrerte arkiv</b>	3408	3977	569
<b>Registrerte seriar</b>	10 874	12455	1581
<b>Registrerte stykke</b>	62677	71967	9290
<b>Registrerte mapper</b>	250 507	354276	103 769
<b>Publiserte arkiv</b>	797	1252	455
<b>Publiserte seriar</b>	2476	3686	1210
<b>Publiserte stykke</b>	9849	11538	1689
<b>Publiserte mapper</b>	4085	4330	245

I 2020 har det blitt registrert 569 arkiv, 1581 seriar, 9290 arkivstykkje og 103 769 mapper. Årsaka til at mengde registrerte arkiv er høgt heng saman med magasinreforma.



Produksjonen i ordningsavdelinga og ute i kommunane har gått kraftig opp etter at vi fekk på plass produksjonsflyt både i ordningsarbeidet og for prosessane i Asta fram til ferdigstilling og publisering. Noko statistikkane dei siste åra tydeleg ber preg av. Tala er derimot ikkje heilt korrekte. For det første blir ikkje personregister registrert på mappenivå i Asta, men i eigne søkbare Excel-skjema. Vidare har vi sletta einskilde arkiv og fått dei ordna og registrert på nytt. Dette gjer at statistikkane ser dårlegare ut enn den eigentlege situasjonen tilseier.

Alle arkiv som blir ordna og registrert i Asta blir ved slutføring publisert på arkivportalen.no etter kvalitetssjekk og restriksjonsvurdering. I 2020 har vi publisert store mengder på arkivportalen.no. Heile 455 nye arkiv og 1210 seriar. Det har ikkje blitt publisert så mykje på arkivportalen sidan 2012.

### Bestand og bestandsregistrering i Asta

Totalt har vi 11696 hyllemeter arkiv i våre magasin. Av dette er 7236 meter ordna og katalogisert. For at vi skal få riktig tal er det viktig at vi ferdigstiller arkiva i Asta og bestandsregistrerer dei. Dette har vi hatt stort fokus på i 2020.

Årsaka til at tala for privatarkivbestanden varierer frå år til år er mellom anna fordi stadnamnarkivet ikkje lenger vert rekna som privatarkiv, men som fylkeskommunalt. Vidare har Arbeiderbevegelsen i Møre og Romsdal si samling blitt pakka ut og komprimert. Ei tredje årsak er at magasinmodulen på privatarkivreolane er gått over og retta opp. Dette har ført til at bestandsregistreringa er oppdatert. Blant anna er UNIDOS-arkivet bestandsregistrert på nytt. Til slutt må det nemnast at vi også har vurdert ordningsgraden på privatarkiva og justert tala.

Ein svært positiv ting som har skjedd i 2020 er at vi, for første gong på mange år, og som eit ledd i magasinreforma, har klart å ordne einskilde arkiv frå før den førre kommunereforma. Dette er stort sett sakarkiv, som har tatt opp mykje unødvendig plass i depot.

	Hyllemeter totalt per 31.12.2019	Hyllemeter, totalt per 31.12.2020	Hyllemeter, tilvekst 01.01.2020-31.12.2020
Offentleg arkiv-bestand	10859	11696	837
Offentleg arkiv-bestand som er ordna og katalogisert	6457	7236	779
Privatarkiv-bestand	316	526	210
Privatarkiv-bestand som er ordna og katalogisert	344	115	-229
Total bestand ordna og katalogisert	6801	7351	550

### Magasin

Alle arkiv som kjem inn blir beskrive, bestandsregistrert og publisert på arkivportalen.no, men vi har eit etterslep frå tidlegare. Å få ei oversikt over kva arkiv IKAMR oppbevarer er essensielt for at vi skal finne den dokumentasjon som er etterspurd på ein effektiv måte.

I 2018 starta vi med tiltak i magasinane som vi har halde kontinuerleg fram med. Endringane gjev forbetringar i logistikk, ordningsgrad og oversyn på dei eldre arkivbestandane våre. Logistikken kring ordningsmagasinet som er knytt til ordningsavdelinga fungerer bra, men det er knapt med plass både i ordningsmagasinet og i dei andre magasinane. Vi har frå 2019 starta med komprimering og grovordning av eldre bestandar. Trass i koronapandemien er vi komne godt i gang med komprimering og grovordning av eldre bestandar.

Sidan mars 2016 har klimatilhøvet i magasinane blitt loggført. Desse loggføringane viser at vi må gjere tiltak i magasinane for å få meir stabile klimatilhøve. Blant anna tyder sølvkrebestanden i magasinane på at det er for mykje fukt i magasinlokala våre.

I 2019 begynte vi med systematisk kartlegging av skadedyr i alle våre magasin. Desse kartleggingane viser at vi må gjere tiltak for å avgrense førekomst av mellom anna skjeggkre i magasinane våre. Alle arkiv som har blitt avlevert frå andre skadedyrinfiserte arkivlokale blir fryst. I tillegg har reinhaldet i magasinet auka. Vidare har vi engasjert Nokas Skadedyr as til å legge ut forgifta åte for å best mogleg kjempe mot skadedyra i magasinane. Det har blitt inngått ein serviceavtale med Nokas Skadedyrkontroll as om systematisk kartlegging og årleg behandling med åte mot skjeggkre.

I samband med graving på naboegendom vart dreneringsrør skada. Dette førte til at vatn kom opp på golvet i M-01 den 13.01.2020. Golvplatene vart fjerna langs ytterveggen og betongdekket opna. Dreneringsrør vart opna og inspeksjonsluke etablert. Arkivmateriale blei ikkje råka.

### Førespurnader

Til saman er det registrert om lag 4300 journalpostar i 2020. Nesten 2300 av desse er inngåande førespurnader. IKAMR tek imot flest førespurnader frå kommunane sjølve. Det gjeld innsyn i for eksempel skulearkiv, fattigstyre, tannhelsearkiv, barnevernsarkiv, personalarkiv frå ulike einingar, formannskapsarkiv, kommunestyrearkiv og tekniske arkiv.

Vi deler opp innsynsførespurnader i fire kategoriar: Avleveringslister, Innsyn historisk, Innsyn personregister og arkivfaglege/administrative spørsmål. Innanfor desse tala er ikkje førespurnader til SEDAK, Kulturnett, FylkesFOTOarkivet og Personvernombod teke med.

Kommune	Avleveringslister	Innsyn historisk	Innsyn personregister	Arkivfaglege/administrative spørsmål	Sum
Aukra	2	2	1	4	9
Aure	50	3	0	1	54
Averøy	0	3	4	3	10
Giske	7	5	3	2	17
Gjemnes	0	0	2	0	2
Hareid	2	1	1	2	6
Herøy	9	23	4	5	41
Hustadvika	10	2	13	2	27
Kristiansund	4	11	18	4	37
Molde	6	11	9	6	32
MRFK	2	2	68	5	77
Rauma	0	6	1	2	9
Rindal	0	0	0	1	1
Sande	7	1	1	3	12
Smøla	0	0	0	1	1
Stranda	3	4	3	2	12
Sula	5	1	1	1	8
Sunndal	5	3	6	6	20
Surnadal	0	0	1	3	4
Sykkylven	5	3	1	3	12
Tingvoll	0	4	0	3	7
Ulstein	1	2	8	3	14
Vanylven	0	1	2	2	5
Vestnes	0	7	5	0	12
Volda	12	5	6	3	26
Ørsta	9	2	6	3	20
Ålesund	5	65	28	17	115
<b>Saker</b>	<b>144</b>	<b>167</b>	<b>192</b>	<b>87</b>	<b>590</b>

Lesesalen er registrert nytta 28 gongar i 2020. Dette er ein nedgang i bruken som nok heng saman med koronapandemien.

## 3.2 Personregister

IKAMR hadde per desember 2020 totalt fått inn 2690 hyllemeter personregister. 60 av desse hyllemeterane vart mottekne i 2020. Det vart teke imot 240 hyllemeter mindre personregisterarkiv i 2020 enn i 2019. Det har dermed vore ein nedgang i mengde avleveringar av personregister frå kommunane i 2020.

Innsynet i materialet er relativt stabilt, men også her med nedgang. Talet på innsyn i personregister er det lågaste dei siste 5 åra.

År	Mengde førespurnader:
2016	200
2017	243
2018	266
2019	238
2020	192

Arbeidsmengda knytt til førespurnadane varierer stort. Alt frå kopiering av ei enkelt mappe, til innsyn som krev at ein også må leite fram i arkiv som ikkje er av typen personregister. Desse sakene er avhengig av god kommunikasjon med kommunane, og at all informasjon om innsynskrevjar er på plass. Dei siste åra har det vore ein auke i krevjande innsynssaker. Ein mogleg grunn kan vere at kunnskapen blant folket om eigne rettar er styrka. Dette fører til at saksbehandlinga vert meir utfordrande og behandlingstida lengre.

I tillegg til innsyn, har 2020 gått til å planlegge betre innsynsløysingar, rettleiing i ordning av arkiv og føring av avleveringslister. Dette er tidkrevjande arbeid. I førespurnadane knytt til ordning og avlevering vert det ofte stilt spørsmål om reglar, rutinar og lovverk i helse- og sosial-, skule- og barnehagesektoren. Det vert også spurt om kassasjons- og bevaringsvurderingar, i tillegg til journalføring i sak- og journalsystem. Spørsmål om elektroniske uttrekk av fagsystem knytt til personregister har også auka dei siste åra.

## 3.3 Elektroniske arkiv

Digitalt skapt arkivmateriale frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkivinstusjonenes Digitale Ressurscenter (KDRS) med sine medlemsinstitusjonar (KAI) og el-arkiv fagmiljø har stor betydning for IKAMR sitt arbeid for bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt materiale. IKAMR nyttar depotforvaltningssystemet til KDRS for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane, med satellittlagring i Mo i Rana og hos Riksarkivet i Oslo.

IKAMR følger KDRS prosessar og rutinar for mottak, validering og bevaring av digitalt skapt materiale. KDRS produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handsaming av dei ulike systema som skal bli bevart og formidla.

Prosessar og rutinar og produksjonslinja for bevaring av elektroniske arkiv:

- IKAMR nyttar KDRS prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
  - IKAMR nyttar KDRS produksjonslinje for bevaring av elektroniske system
- I) Mottak av Innleveringspakke frå eigarkommunane
  - II) Lage Arkivpakke av Innleveringspakke
  - III) Laste opp Arkivpakke i KDRS sitt depotforvaltningssystem
  - IV) Lage Formidlingspakke DIP av Innleveringspakke og Arkivpakke

Resultat i 2020 for bevaring av digitalt skapt arkivmateriale for alle 27 kommunar samt fylkeskommunen:

- Bevart 7 system på 88 GB i IKAMR depotforvaltningssystem

- Totalt bevart 8 system på 88 GB i IKAMR depotforvaltningssystem
- Godkjent 38 system (0 fagsystem og 38 Noark 5-uttrekk)
- Totalt godkjent 99 system (40 fagsystem og 59 Noark 5-uttrekk)
- Deponert 107 system på 1.8 TB (65 fagsystem og 42 Noark 5-uttrekk)
- Totalt deponert 325 system på 2.7 TB (259 fagsystem og 66 Noark 5-uttrekk)
- Aktiv samhandling med og rettleiing av arkivleiar og IKT-ressursar frå eigarkommunane, IKT-regionane (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT og eKommune Sunnmøre) og leverandørar på prosessar, rutinar og produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering

Bevaring til IKAMR depotforvaltningssystem kom i produksjon i siste kvartal 2020 slik at godkjende uttrekk kan lastast opp fortløpande.

Kommunereform og endring i og bytte av sak/-arkivsystem for kommunane gav som forventa ei stor mengde deponerte uttrekk innlevert til IKAMR Depot. Innleveringane er fordelt på Noark 5-uttrekk frå saksarkiv arkivdelar i produksjon og SIARD databaseuttrekk frå gamle avslutta fagsystem.

IKAMR deltok i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS Utforming av felles prosesser og rutinar for digitalt skapt materiale
- KDRS *Produksjonslinje - Bevaring og formidling av elektroniske arkiv*
- KDRS *Produksjonslinje – Malsett for ordning av gamle Noark- og fagsystem*  
Bruk av Documaster Decom for å lage og bruke malsett for arkivsystem, med støtte frå Riksarkivarens arkivutviklingsmidler og Mavod II-prosjektet frå Arkivverket
- KDRS *Produksjonslinje – Formidling av gamle Noark- og fagsystem*  
*Frå SIARD-uttrekk produsert av KDRS Produksjonslinje*
- MODARK (Modernisering av arkivoverføring), prosjekt i Arkivverket  
- Rådgjevar i MODARK prosjekt

### 3.4 Privatarkivarbeid


IKAMR er fylkeskoordinerande institusjon for privatarkiv i fylket. Dette er ein funksjon som fylkeskommunen har lagt til IKAMR. I tillegg til dette var 17 kommunar med i privatarkivordninga i 2020. Dette inneber at kommunen får høve til å deponere bevaringsverdig arkiv frå nedlagde lag, organisasjonar og sentrale næringsverksemdar mot ein kontingent på kr 1,56 per innbyggjar (2020).

Privatarkivarbeidet har delvis vore prega av situasjonen med koronapandemien i 2020. Følgande er likevel utført:

- Rolla som fylkeskoordinerande ledd: Det er halde møte med dei 3 ulike regionmusea – i tillegg til eit fellesmøte. Ein samhandlingsplan for privatarkivarbeidet i Møre og Romsdal, der regionmusea er samarbeidspartnarar, er ferdigstilt. Planen tek for seg arbeidsfordeling og premisser for samarbeid institusjonane imellom.
- IKAMR skal delta aktivt i det nasjonale nettverket for fylkeskoordinerande institusjonar for privatarkiv: Privatarkivansvarleg har delteke på alle Teams-møte i regi av nettverket i 2020: 24.09.2020 og 10.12.2020. I tillegg til ei fysisk samling i Stavanger 09.03.2020 og 10.03.2020.
- Rekruttering av nye deltakarar i privatarkivordninga (kommunane, politiske parti, lag, organisasjonar som enno er aktive): Talet på medlemskommunar i privatarkivordninga har sidan 2019 auka med 6. Møre og Romsdal Senterparti og Biletkunstnarane i Møre og Romsdal har i 2020 deponert sine arkiv ved IKAMR. Arkivet etter SUROFI (Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag) vart henta inn til IKAMR. Arkivet skal ordnast hos oss i 2021 og deponerast her framover.
- Prosjekt med støtte frå Arkivverket: I desember 2020 fekk IKAMR tildelt kr 320.000 i arkivutviklingsmidlar til innsamling, ordning, registrering og digitalisering av arkiva etter sanitetsforeiningane i Møre og Romsdal. Samstundes fekk vi kr 200.000 til revidering av bevaringsplan for private arkiv, eit arbeid som skal skje i samarbeid med dei andre store

privatarkivaktørane som er regionmusea. I 2018 løyvde Arkivverket også kr 350.000 til eit prosjekt om idrettsarkiv i Møre og Romsdal, i samarbeid mellom IKAMR og Møre og Romsdal Idrettskrets. Dette arbeidet vart starta opp i 2020, men er sett på vent til 2022.

- IKAMR i samarbeid med Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal, fekk tildelt kr 40.000 til oppstart av ordning og registrering av samlinga til sistnemnde.
- Identifisering, ompakking, registrering og publisering til arkivportalen.no av privatarkivbestanden ved IKAMR går for seg kontinuerleg.
- I forbindelse med Arkivdagen 2020 skreiv privatarkivansvarleg ein kronikk i Sunnmørsposten. Årets fellestema var «fritid». Kronikken stod på trykk 14.11.2020.  
<https://www.smp.no/meninger/2020/11/13/%C2%ABPrivatarkiva-og-v%C3%A5rt-kollektive-minne%C2%BB-22976881.ece>
- I 2020 vart IKAMR invitert inn i eit samarbeid med lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda. Samarbeidet vil fortsette i 2021.
- IKAMR fekk i 2020 laga ein film og tenestene vi tilbyr. Filmen er særleg aktuell å bruke når vi er ute og held foredrag, presentasjonar osv. Den er også tilgjengeleg via nettsida og Facebooksida vår.
- Foredrag for Slekt og data Søre Sunnmøre, 24.11.2020.
- Deltaking i workshop for fylkesstrategi for kulturområdet – Møre og Romsdal Fylkeskommune, 04.12.2020.



Frå møtebok 1905–1913 Losje Rundabrand - Foto: Ottar A.B. Anderson, SEDAK





Fylkessekretær i Senterpartiet Isabelle Orvik og rådgjevar for private arkiv Åsta Vadset - Foto: Jan Aakvik, IKAMR

### 3.5 Prosjektarbeid i 2020

I samsvar med Selskapsavtalen §4 kan IKAMR ta på seg arbeid utanom arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgjevar.

Ordningsmedarbeidarane har gjennomført Asta – basiskurs som eit ledd i kompetansehevinga.

I 2020 har IKAMR vore involvert i følgande prosjekt:

Objekt-kode	For kven og kva	Status
2002	Sandøy – ordning av arkiv + digitalisering av byggesaksarkiv	Påbegynt
2023	Averøy - prosjekt 2 – ordning	Påbegynt
2024	Møre og Romsdal fylkeskommune - digitalisering av arkivdel 652/652 T07	Signert
2028	Rauma kommune – digitalisering av byggesak	Påbegynt
2031	Vestnes kommune – sak og skulearkiv	Påbegynt

2033	Utviklingsmidlar – protokollar	Påbegynt
2035	Giske – skulearkiv	Påbegynt
2038	Modark	Ferdig
2039	Stordal sentralarkiv – ordning	Ferdig
2040	Norrdal – elverk	Påbegynt
2041	Sunndal – ordning av arkivmateriale	Påbegynt
2042	Kristiansund – ordning skulearkiv	Påbegynt
2043	Sunndal vidaregåande skole	Ferdig
2044	Stranda – ordning av arkiv	Påbegynt
2045	Ørskog – digitalisering av byggesak	Ferdig
2046	Fylkesbiblioteket – bokbåtarkiv	Ferdig
2047	Haram – digitalisering av byggesak	Ferdig
2048	Vanylven – digitalisering av byggesak	Påbegynt
2049	Norrdal – digitalisering av byggesak	Ferdig
2050	Kristiansund – etterarbeid byggesak	Ferdig
2051	Ørsta – pasientarkiv	Mottatt
2053	Utviklingsmidlar – Idrettsarkiv	Påbegynt
2054	Herøy, Ulstein, Hareid Landbrukskontor – digitalisering	Påbegynt
2055	Gjermundnes vidaregåande skule – ordninga av arkiv	Påbegynt
2056	Tafjord Kraft	Påbegynt
2057	Stordal – digitalisering av byggesakarkiv	Ferdig
2058	Sula – ordning av arkiv	Ferdig
2059	Fræna vidaregåande skole – ordning av arkiv	Påbegynt
2060	Sandøy digitalisering kart og teikningar	Ferdig
2061	Hareid digitalisering byggesak, målebrev, vegarkiv	Påbegynt
2062	Moldearkivet – ordning	Påbegynt
2063	Arbeiderbevegelsens arkiv, bevilgede midler	Påbegynt
2064	SUROFI – ordning	Mottatt
2066	Arkivutviklingsmidlar – Sanitetskvinnene	Påbegynt

I 2020 vart det signert nye avtalar om ordning og digitaliseringsoppdrag med:

- Sandøy kommune – digitalisering av kart og teikningar
- Hareid kommune – digitalisering av byggesak, målebrev og vegarkiv
- Molde kommune – ordning av arkiv
- Arbeiderbevegelsens arkiv – ordning av arkiv
- Sunnmøre og Romsdal Fiskesalag
- Arkivutviklingsmidlar - Sanitetskvinnene

Det vart avslutta prosjekta for desse i 2020:

- Stordal kommune sentralarkiv – ordning
- MODARK
- Sunndal vidaregåande skole
- Ørskog – digitalisering av byggesak
- Fylkesbiblioteket – bokbåtarkiv
- Haram – digitalisering av byggesak
- Norrdal – digitalisering av byggesak
- Kristiansund – etterarbeid byggesak
- Stordal – digitalisering av byggesakarkiv
- Sula – ordning av arkiv

- Sandøy digitalisering kart og teikningar



Nedpakking Molde kommune - Foto: John Arild Hestenes, Molde kommune



### 3.6 Kulturnett Møre og Romsdal

Etter avtale med Kulturdirektøren har vi i 2020 arbeidd med å tilpasse tenestene til Kulturnett i forhold til dei økonomiske rammene.

#### Kulturkalender

Kulturkalender og publiseringstal var lågt også i 2020 og det vart bestemt, i samråd med Kulturdirektøren, at tenesta vert lagt ned frå og med 01.01.2021.

#### Samarbeidspartnarar i fylket

Samarbeidspartnarane for Kulturnett har vore dei same. Det er større institusjonar innanfor kulturfeltet som sender pressemeldingar og anna redaksjonelt stoff som vi nyttar som nyheiter på nettsida vår, men etter at det vart avgjort å legge ned KnMR si nettside 22.06.2020 har det ikkje vorte publisert redaksjonelt stoff.

#### Stadnamnbasen

Opprettinga av Vestland fylkesarkiv har fått driftsmessige konsekvensar for Stadnamnbasen. Kulturnett har i 2020 sett registreringsarbeidet på vent pga av uvissa om framtidig drift. Det har vore mykje nedetid i periodar. Vidare drift og avtale vart ikkje avklart i løpet av året 2020.

#### Mål frå handlingsplan 2020

- Satsinga på å laste opp digitalisert materiale til Digitalarkivet vart ikkje utført pga. manglande databehandlaravtale med eigarkommunane.
- Som følge av avgjerla om å legge ned dei 3 fylkeskommunale nettsidene for Kulturnett, FylkesFOTOarkivet og SEDAK, starta arbeidet med å utvikle nettsida til IKAMR. Dette arbeidet vart gjennomført og ein ny plan for nettside vart presentert i slutten av 2020.
- Berging av lydfiler. Kulturnett har fått på plass ein avtale om å levere kassetane til digitalisering hos Nasjonalbiblioteket.
- Arbeidsgruppe for Samlingsforvaltning og fellestenester for Møre og Romsdal fylkeskommune. Frist var 01.04.2020 og rapport levert. MUPSU har leia arbeidet
- 651-arkivet arbeidde Kulturavdelinga med i 2020, men arbeidet vart ikkje ferdig. Dette vert vidareført til 2021.
- ABM-konferansen for 2020 vart avlyst som følge av koronapandemien.
- Stand på Slektstorg i Kristiansund vart gjennomført, med gode tilbakemeldingar.

#### Aktivitet

I 2020 har Kulturnett hatt ansvar for å følge opp;

- Ny fotobase er på plass.
- Arbeidsgruppe for sosiale medium. Internt IKAMR.
- Halde 3 møte - Arbeidsgruppe - nettsider for IKAMR og dei fylkeskommunale tenestene. Fokus på tenester og sjølvbetening. Visuelt forslag lagt fram for organisasjonen.
- Statusmøte om Facebook-side IKAMR – EU har kome med anbefaling. Personvernombod går gjennom anbefaling.
- Oppsett av YouTube-konto for IKAMR-film.
- Strukturering av bildebasen ved IKAMR.
- Forslag til drift av fylkeskommunale tenester lagt til IKAMR – vart framlagt for Kulturdirektøren og godkjend.
- Dialogmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune og Kulturdirektøren 15.06.2020 og 22.06.2020.
- Levert innspel til fylkeskommunen med årsplan og budsjett for alle 4 fylkeskommunale tenester.
- Levert søknad om auke i driftsmidlar, frå 2021, innan frist 01.04.2020.
- Gjennomført møter omkring årsplan 2021 for SEDAK, Privatarkiv, IKAMR
- Heildagsmøte med FylkesFOTOarkivet om vegen vidare 2021-2024.
- Statusmøte for dei fylkeskommunale tenestene samt rapporteringar til styremøte.
- Styremøte for IKAMR og eigarmøte



- Ferdigstilt Fürst-arkivet med rapport, samt opplasting på db.ikamr.no.
- Følgt opp UNIDOS-prosjektet – Arkivutviklingsmidlar – prosjektet er ferdig.
- Synfaring og møte med Surofi om arkiv.
- Delteke i referansegruppe for Nasjonal Publiseringplattform - Digitalarkivet
- Møte i samarbeidsrådet i Digitalarkivet; innsiktsarbeid, brukarbehov, mål/målgrupper, foto/film/tale
- Møte med Arkivverket om bevaringsplan for privatarkiv
- Møte med Arkivverket og Kulturdirektøren om privatarkiv
- Møte i *Rådgivende utvalg for kulturarvdigitalisering*. Initiert av Nasjonalbiblioteket.

#### **Konferanse/samlingar/kurs**

- Stand på Slektstorg i Kristiansund.
- Kurs om nye funksjonar på Digitalarkivet
- Webinar - Fotoware – om fotoarkiv-system for IKAMR

#### **Økonomi**

Kulturnett heldt seg innanfor budsjett i 2020.

Notesamling på nett:

# - Folkemusikken og folkedansen skal vere levande, og då må folk ha tilgang til det vi har i arkivet

*I høve 30-årsjubileet slepp Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal delar av notesamlinga si på nett.*



**DELAR ARKIVET:** Frå venstre: Geir Håvard Ellingseter, leiar i IKAMR, Anna Gjendem, Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal, Heidi-Iren Wedlog Olsen, kulturdirektør i Møre og Romsdal fylke, Ottar A. B. Anderson frå SEDAK og Jan Aakvik frå KulturNett. foto: FYLKESBIBLIOTEKET.

## 3.7 FylkesFOTOarkivet

Utvikling og tilpassingar kvar veke i nettmøte med systemutviklar, opplasting av nye bilde, registrering, kontroll og dagleg mottak og klarering av «brukarkommentarar» til bilde i den nye databasen, vart veldig tydeleg hovudarbeidet ved FylkesFOTOarkivet i 2020. Dette skuldast ikkje berre meir heimekontor, lite utoverretta verksemd og koronapandemien. 225.000 bilde i nettbasen krev sitt.

Den andre store arbeidsoppgåva i 2020 har vore mottak av nyare ikkje-prioriterte fotografarkiv og dei utfordringar det fører med å ta imot fargebasert fotomateriale som tek plass. Fotoarkiv frå siste «analoge» periode - ca 1975-2005 - krev ressursar i høve publikumsservice. Lite frå desse arkiva kan formidlast pga. personvernet.

Fysisk tilvekst i 2020 var 15 arkiv/samlingar, med 150.-200.000 einskildnegativ.

I alt vart ca. 7.000 negativ og bilde av ymse slag digitaliserte i 2020. Av desse utgjorde digitalisering frå Lystad-arkivet ca 5.000 acetat-negativ. Den store eksterne gruppa av brukarar bidrog i 2020 med rekord-mange 1810 brukarkommentarar til bilda i nettbasen.

Digitalisering og registrering av bilde i dei eldre svart/kvitt fotografarkiva FAK eig er i stor grad utført av ekstrahjelp og dugnadsarbeid.

### **Hovudoppgåver 2020**

Databasearbeidet er nemnt i innleiinga. Elles er digitalisering av negativ frå fotografarkiv, samarbeid med frivillige, konsulent- og formidlingsarbeid oppgåver som tidlegare år.

Videosamtalar med pensjonerte fotografar og arbeid med fotografhistoria vart prioritert fram til 12.03.2020, for å seie det slik. FAK har mykje råmateriale etter møte med 7-8 nolevande, men dels pensjonerte fotografar.

### **Fagleg arbeid, eksternt**

#### Sogelag:

Stranda sogelag: Kurs i registrering av bilde i den nye databasen.

Vestnes sogelag: Digitalisering av arkivet etter fotograf Kristoffer Aas (ferdig!)

Ørskog Historielag: Digitaliseringsarbeid

#### Kommunar:

Ørsta: Digitalisering av Lystad-arkiv

Sunnadal: Arbeid med Mulvik-arkivet

#### Museum:

Samarbeidet med Nordmøre museum om Monge-arkivet.

#### Nasjonalt:

Det nasjonale nettverket for foto: Teams-møte. Prosjekt Nyare Norsk Fotohistorie litt på vent.

#### Andre:

Om lag 35 tingingar av bilde kom inn i 2020. Godt over halvparten av desse vart ekspedert vidare til Aalesunds museum i samsvar med avtale.

### **Formidling**

FAK sine bilde vert no formidla gjennom eigen database i ei serverløyising som vert drifta av Møre og Romsdal fylkeskommune.

### **Ekstrahjelp**

Rannveig Strømmen har arbeidd på timebasis som ekstrahjelp i heile 2020. Hovudarbeidet har vore oppdraget for Nordmøre museum med utval av bilde for publisering frå fotograf Claus Monge (1914-1990) sitt arkiv.

### **«DIS-gjengen»**

Dugnadsarbeidet i 2020 vart sett på «vent» i mars. Etter ei tid vart ei handfull i DIS-gjengen aktive igjen, men med dei avgrensingar som stoda tillét. Nettregistrering var prioritert samstundes som digitalisering av Lystad-arkivet heilt fram kvar dugnadskveld.

Mengde dugnadskveldar: 28 (32). Mengde deltakarar: 11, i snitt knapt 6 kvar kveld. Det vart notert 184 (281) kveldsverk, kvar med 3 effektive timar. Samla utgjorde dette 552 (843) dugnadstimar.

<b>FylkesFOTOarkivet i tal</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>Tilvekst 2020</b>	<b>Tilvekst 2019</b>
Bilde i alt	950.000*	774 000	176.000	7000
Bilde i nettbasen, internt søk	225 002	219 674**	5 328	9 556
Bilde i nettbasen, eksternt søk	225 002	219 674**	5 328	9.016**
Brukarkommentarar		17996	1810	1526
Arkiv/samlingar under FAK		1349	15	9

Bilde, til dømes som einskildnegativ, er vanskeleg å telje opp. Tal ordrar i eit fotografarkiv enklare. Mengde samlingar er eksakt og var ved årsskiftet kome opp i 1364 (FAKF-1364)

\* Talet er omtrentleg, tilvekst ca. 176.000 er knytt til mottak av bilde frå tre fotografarkiv, fotograf Svein Elvebakken (f.1947) sitt portrettarkiv, fotograf Karl Otto Kristiansen (f.1951) sitt portrettarkiv, og delar av fotograf Peder Otto Dybvik (f.1956) sitt reklamefotoarkiv med møbelbilde. Alle tre arkiva er knytt til «gamle» Ålesund kommune.

\*\* Tal for 2019 er korrigert etter at det gamle systemet og oppstart av det nye førte til mykje feilrapporteringar. Reell tilvekst i basen i 2019 var 9.016

### **Nettsider**

FAK sine egne nettsider - [www.fylkesfoto.no](http://www.fylkesfoto.no) - vart lagt ned i 2018, men er framleis tilgjengeleg.

### **Magasinarbeid**

Det har vore betydeleg magasinarbeid i 2020. Ein reol med ikkje-arkivverdig materiale vart tømt for å frigjere plass til nytt arkivmateriale. Anna er komprimert, pakka om og det er teke tak i ein del restansar «takka vere» koronatida.

### **Seminar – Møte – Reiser**

05.03.2020 Reise Stranda sogelag for opplæring i den nye fotobasen

02.10.2020 Nettverksmøte i Teams

### **Utstyr og økonomi**

Utvikling og drift av eigen database vart i 2020 ei stor investering og ny utgiftspost på ca. kr 200.000. FAK har ikkje kjøpt inn foto- eller datautstyr i 2020 anna enn nødvendige diskar til datalagring og dagleg bruk. Lønn til ekstrahjelp, ut over det budsjetterte, vart dekt inn av prosjekt og stønad frå kommunar. Inntektene frå sal av bilde er marginal. Tilsegn frå Norske Fagfotografers Fond om prosjektstøtte til arbeid med Fylling-arkivet kr 40.000 har sikra kontinuerleg bruk av ekstrahjelp.



## STINN BRAKKE PÅ SLEKTS- OG LOKALHISTORIETORG I KRISTIANSUND



Åsta Vadset fortel om privatarkiv. Foto: Piotr Cabaj



Jan Aakvik viser søk i kulturdatabasar. Foto: Piotr Cabaj



Mykje folk hadde funne vegen til Slegt og Data Møre og Romsdal sitt arrangement laurdag 18. januar ved Thon-hotellet på Innlandet i Kristiansund, der IKA Møre og Romsdal (IKAMR) deltok med fire standar.

Åsta Vadset, rådgjevar med ansvar for privatarkiv, hadde stand om korleis ein finn fram informasjon om personar i privatarkiv og kommunale arkiv. Fylkesfotoarkivar Ragnar H. Albertsen viste korleis ein digitaliserer bilete og søker i fotobasar. Rådgjevar Zane Aboltina og Piotr Cabaj ved SEDAK hadde stand med digitalisering og fokus på handtering av materialet i digitaliseringsprosessen og digital langtidslagring. Kulturnett Møre og Romsdal ved redaktør Jan Aakvik viste korleis folk kunne søke i nasjonale og regionale kulturdatabasar. IKAMR var med også for 11 år sidan.

I tillegg til 30 utstillarar og standar var det gode foredrag av Leo Oterhals - historie om eit forlis, Tor Larsen - journalist og lokalhistorikar Einar Thurn Christensen sitt arkiv, Jonny Lyngstad og Bernt Bøe - Mannbjøinn, Heidi S. Fjeldsvig - DNA i slektsforskning og Jørgen Strand - skipsfartshistorie.

Dei fleste utstillarane/standane selde årbøker, bygdebøker eller hefte.

Det var ein jamn straum av folk i fire timar. No og då vart det kø framfor enkelte av standane i lokalet.

### Kategori:

Privatarkiv

### «Vegen vidare»

Fotoarkivaren sluttar 01.11.2021 etter 25 år som einaste tilsette ved FylkesFOTOarkivet. I samband med dette er arbeidet med eit dokument som syner arbeidsoppgåver, prosedyrar, rutinar, drift og status starta. Dokumentet «Vegen vidare» skal også tene som plan- og arbeidsdokument både på kort og litt lengre sikt.

## 3.8 Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK)

Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) vart fast etablert 1. januar 2013, finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune. SEDA er organisatorisk knytt til Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKAMR), og lokalisert saman med IKAMR, Kulturnett og FylkesFOTOarkivet.



SEDAK: F.v. Tom-Erik, Anette, Piotr, Annelen, Zane og Ottar

### Hovudoppgåver

- Digitalisering av kulturarv for Arkiv, bibliotek og museum (ABM), kulturvernsektoren og private aktørar
- Fagleg rettleiing til ABM- og kulturvernsektoren
- Vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetodikk for å oppnå beste praksis innan digitalisering

### Satsingar i 2020

- Bidragsytar til regional samling for ABM- og kulturvernsektoren i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune ved seksjon for arkiv, bibliotek og museum, Nasjonalbiblioteket og Kulturnett. Denne måtte avlysast grunna koronapandemien.
- Dialog med ABM- og kulturvernsektoren i fylket for moglege samarbeidsprosjekt. Dette resulterte i eit pilotprosjekt for Musea på Sunnmøre ved Sunnmøre Museum om fotodokumentasjon av museumsobjekt. Pilotprosjektet vart presentert for

samlingsforvaltningsgruppa ved Sunnmøre Museum og er planlagt vidareført i eit nytt prosjekt i 2021, då innanfor mogleg søknad til Kulturrådets utviklingsprogram for museum 2021-2023, «Digitalisering- mangfold, dialog og samarbeid».

- Vidareutvikling av innhaldet på nettsida til SEDAK/IKAMR



Pilotprosjekt - fotodokumentasjon av museumsobjekt for Musea på Sunnmøre ved Sunnmøre Museum. F.v. Piotr Cabaj og Ottar A.B Anderson


## Oppdrag digitalisering arkiv

Mengde digitalisert materiale ved bruk av skannar: 380 000 stykk

Mengde digitalisert materiale ved bruk av kamerabasert digitalisering: 14 300 stykk

- Rauma kommune – digitalisering og publisering i system av byggesaksarkiv
- Sandøy kommune – digitalisering og publisering i system av teknisk arkiv og kart
- Haram kommune – digitalisering og publisering i system av byggesaksarkiv og næringsbygg
- Fjord kommune (Norrdal og Stordal) - digitalisering og publisering i system av byggesaksarkiv
- Hareid kommune – digitalisering og publisering i system av vegarkiv
- Vanylven kommune – digitalisering og publisering i system av byggesaksarkiv
- Ørskog kommune – digitalisering og publisering i system av byggesaksarkiv
- Skodje kommune – digitalisering og publisering i system av byggesaksarkiv
- Herøy kommune – digitalisering og publisering i system av landbruk- og viltarkiv
- IKAMR – digitalisering og publisering i system av ulike typar arkivmateriale
- Høgskulen i Volda (HVO) – digitalisering av ulike typar arkivmateriale
- Tingvoll museum – digitalisering av historiske kart
- Privatarkiv – Royal Canadian Air Force Pilot Log - bok





Digitalisering av privatarkiv – Royal Canadian Air Force Pilot Log - bok

### Interne og eksterne aktiviteter

- Prosjektleiing av produksjon og publisering av IKAMR promoteringsfilm
- Konstruksjon, installasjon, oppdateringar og vedlikehald av produksjonsutstyr på 10 ulike arbeidsstasjonar i samarbeid med eksterne leverandørar
- Utarbeide søknad til Arkivverkets arkivutviklingsmidlar – «Analyse av behovet for kvalitetssikring av digitalisering i Digitalarkivet» (AKDD)
- Fotografering av nye tilsette i studio og reportasjefotografering ved synfaring og spesielle hendingar
- IKAMR 20-årsjubileum, arbeid i ulike komitear, jubileumslogo, sosiale medium, re-dekorasjon
- Fagleg rettleiing av tilsette og sommarhjelpar
- Vidareutvikling av visuell profil for IKAMR saman med grafisk designar
- Etablere rutinar for bestilling av digitalisering og system for lagring av produksjon, back-up og langtidslagring av avslutta prosjekt
- Deltaking i Forskerforbundets (FF) årsmøte og møte om lokale lønnsforhandlingar
- Styrearbeid i Institusjonsfotografene (IFF)
- Den planlagde deltakinga med fagleg innlegg på årskonferansen til Institusjonsfotografene (IFF), vart avlyst grunna koronapandemien

### Kompetanseheving

Med tanke på digital formidling har det internasjonale miljøet innanfor ABM- og kulturvernsektoren vore svært kompetente, og dyktige til å tilpasse seg for digital formidling i høve koronapandemien. SEDAK nytta denne moglegheita i stor grad ved deltaking i ulike kurs, seminar og webinar.

Det planlagde sertifiseringskurset «DT 201 - Operator Training», som kun blir tilbydd i USA, vart avlyst grunna koronapandemien. Sertifiseringskurset vart likevel tilbydd over digital læringsplattform,

som gav anledning for alle 3 tilsette, som jobbar med kamerabasert digitalisering, å gjennomføre og bestå sertifiseringa.

I dag har SEDAK eit sterkt fagmiljø. Ei kontinuerleg vidareutvikling av fagkompetansen er avgjerande for å imøtekomme dei komplekse arbeidsoppgåvene.



«DT 201 – Operator Training» sertifisering.  
F.v Zane Aboltna, Piotr Cabaj og Ottar A.B Anderson

## Deltaking på konferansar og studiebesøk

- Stand på slekts- og lokalhistorietorg i Kristiansund arrangert av Slekt og Data Møre og Romsdal
- Representant for Noreg gjennom Standard Norge i ISO/TC 42/JWG 26 Internasjonale standardisering organisasjonen (ISO) tekniske komité (TC) for fotografi (42), samansett arbeidsgruppe for kvalitetssikring av digitalisering av arkiv (JWG 26)
- Fagleg besøk til Det Norske Kongehus, seksjon De kongelige samlinger, Oslo
- Cultural Heritage Analysis for New Generations (CHANGE) ved NTNU i Gjøvik, The Norwegian Colour and Visual Computing Laboratory Department of Computer Science
- Colour and Visual Computing Symposium 2020 (CVCS) ved NTNU i Gjøvik, The Norwegian Colour and Visual Computing Laboratory Department of Computer Science
- Fagleg besøk til Kulturhistorisk Museum ved Universitetet i Oslo (UiO) og Vikingskipshuset; seksjon for samlingsforvaltning ved fotoavdelingen

## Synfaringar

- Ulstein kommune
- Hareid kommune
- Rauma kommune
- Fjord kommune

## Ressursar

Prosjekta vert utført av tilsette og prosjekttilsette ved IKAMR. I samarbeid med NAV har vi hatt ein ressurs som har jobba med kamerabasert digitalisering via arbeidstrening. I november fekk vi på plass fotografølring, noko som har vore planlagt over lang tid.

2 av dei tilsette har hatt foreldrepermisjon. I denne perioden har rolla som fungerande leiar blitt utført gjennom internt opprykk av fast tilsett.

### 3.9 Prosjekt Personvernombod

#### Generelt

I likskap med resten av arbeidslivet, har situasjonen med koronapandemien prega personvernombod-prosjektet i 2020. Personvernomboda har i periodar hatt heimekontor, og det har fungert fint. For deltakarane sin del har koronasituasjonen gjort at mange har bedt om utsetting av planlagde leveransar til personvernombodet. Dette set ein stoppar for framdrifta i tenesta, men personvernomboda forstår at det har vore ein vanskeleg situasjon for deltakarane.

Førespurnader til omboda har likevel auka i mengde og kompleksitet. Dette tyder på auka kompetanse innan personvern, men òg på at stadig fleire tilsette i kommunane og innbyggjarane har blitt kjent med prosjektet.

Omboda har medverka i komplekse og alvorlege avvikssaker, og opplever at deltakarane har fått på plass gode rutinar for avvikshandtering.

Som følge av utskifting av personvernombod, har det blitt brukt ein del tid på opplæring.

#### Deltakarar

Grunna kommunesamanslåinga 01.01.2020 gjekk prosjektet frå å ha 27 til 20 deltakarar:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Tingvoll kommune
Aukra kommune	Sunndal kommune
Molde kommune	Surnadal kommune
Rauma kommune	Rindal kommune
Vestnes kommune	Smøla kommune
Stranda kommune	Aure kommune
Sykkylven kommune	Hustadvika kommune
Fjord kommune	Kristiansund kommune
Ålesund kommune	Averøy kommune
Giske kommune	Gjemnes kommune

#### Personvernombod

I januar 2020 var Thea Helen Eriksen Rølsåsen fagleg prosjektleiar og Karen Vanessa Sundgot Gurskevik prosjektmedarbeidar.

Som følge av at Thea sa opp si stilling i desember 2019, vart stillinga som prosjektmedarbeidar lyst ut i januar. Margrete Mork Müller vart tilsett i stillinga 09.03.2020, og Karen overtok som fagleg prosjektleiar.

I mai vart det lyst ut vikariat som prosjektmedarbeidar, som følge av at Karen skulle ut i permisjon i juli. Jan Erik Døving vart tilsett i stillinga 03.08.2020. Karen skulle fortsette å vere fagleg prosjektleiar.

I september sa Jan Erik opp vikariatet sitt, og Henrik Leknes Syversen vart tilsett i stillinga 02.11.2020. Samtidig tok Margrete over som fagleg prosjektleiar.

Alle personvernomboda er utdanna juristar.

#### Revisjon av kommunane

Ei av hovudoppgåvene til personvernomboda er å kontrollere om kommunane oppfyller sine plikter etter personvernregelverket. I år har personvernomboda kontrollert deltakarane sine protokollar over behandlingsaktivitetar og personvernerklæring.

## Rapportering

I februar leverte deltakarane eit eigenevalueringsskjema til personvernombodet. Dette danna grunnlag for innhaldet i strategiplanen for 2020.

Ifølge strategiplanen for 2020 skulle deltakarane rapportere til personvernombodet i ein skriftleg rapport to gongar i året. Fleire av deltakarane bad om utsetting av første halvårsrapport, og leverte i staden ein årsrapport.

Deltakarane skulle i tillegg rapportere til personvernombodet gjennom leiinga sin gjennomgang om personvern og informasjonssikkerheit. Berre sju av deltakarane hadde ein slik gjennomgang med personvernombodet.

## Kompetanseheving

Omboda har delteke på fleire kompetansehevande kurs og nettverksmøte. Trass i at det i hovudsak har skjedd digitalt, har personvernomboda hatt god nytte av dette, og det har vore mange gode kurs tilgjengeleg.

Personvernomboda sende ut eit digitalt foredrag om hemmeleg adresse laga av personvernombodet for Trondheim kommune i anledning fagdag i august. Deltakarane har moglegheit til å bestille digitale foredrag med ønska personvernrelaterte tema av personvernombodet. Personvernombodet har halde eit foredrag om sosiale medium for ein av deltakarane. Då dette er eit nyttig tema òg for dei andre deltakarane, vil personvernomboda spele inn eit digitalt foredrag om dette, og sende det til alle deltakarane.

## Etablering av fast drift

Frå 01.01.2021 vil prosjektet bli vidareført som ei fast teneste. Alle deltakarane har bekrefta tilslutning til den faste drifta.

# 4. SYNFARINGAR, KONFERANSAR OG ANNA

## 4.1 Synfaringar

IKAMR har vore på eitt eller fleire synfaringar/kommunebesøk hos følgande i 2020:

- Fræna vidaregåande skole
- Fjord kommune
- Vanylven kommune
- Giske kommune
- Ålesund kommune (tidlegare Haram kommune)
- Stranda kommune
- Ulstein kommune
- Vestnes kommune
- Molde kommune
- Surnadal kommune
- Sula kommune
- Aukra kommune
- Rauma kommune
- Hustadvika kommune
- Ørsta kommune
- Volda kommune (Hornindal)
- Sunndal kommune
- Sande kommune

## 4.2 Kontaktkonferansen 2020

Grunna koronapandemien vart kontaktkonferansen som var planlagt arrangert i Kristiansund utsett til 2021.

## 4.3 Deltaking på kurs/konferansar

Den årlege kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) vart i 2020 avlyst grunna koronapandemien.

Deltaking på forvaltningsforum – Arkivverket.

Deltaking på nettverksmøte for fylkeskoordinerande ledd for privatarkiv.

Fleire tilsette har gjennomført kurs i Asta.

Tillitsvalde har delteke på kurs i regi av Forskerforbundet.

## 4.4 Samarbeid

Dagleg leiar vart i 2020 vald som styremedlem i Arkivforbundet for 2 år. IKA Møre og Romsdal er representert i samarbeidsrådet til Digitalarkivet og Jan Aakvik er med i Nasjonalbiblioteket sitt rådgjevande utval for kulturarvdigitalisering.

## 4.5 Arkheion

Arkheion er eit fagtidsskrift for kommunal arkivsektor i Noreg. IKA Møre og Romsdal IKS er ein av 21 medeigarar. Alle Arkheions medeigarar distribuerer bladet til sine eigarar, kommunar og fylkeskommunar. Det er to utgåver i året. Tidsskriftet finn du her: <http://www.arkheion.no/>

## 4.6 Nettside

IKA Møre og Romsdal publiserer informasjon via nettsida [www.ikamr.no](http://www.ikamr.no). I 2020 har vi førebudd oppstart av eiga Facebook-side og publisert ein presentasjonsvideo på YouTube - [https://youtu.be/riaMI2olf\\_Q](https://youtu.be/riaMI2olf_Q)

Fortid  
& notid  
for framtid

Arkiv og kulturformidling